



Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref: 2017/14816-40

Vår ref: 235/2018-681 KM

Tyssedal, den 21. september 2018

## **MY Tyssø – tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2018**

Kraftmuseet viser til dykkar brev om tilsegn datert 07.05.2018.

Vedlagd ligg oversikt over fakturerte kostnader frå Hardanger fartøyvernssenter. For ordens skuld vil de sjå i reknearket at det er trekt ut kostnader medgått til sertifisering av redningsflåte. kr 14 069,-.

Det som gjenstår kr. 20 287,75 er gått til vedlikehaldstiltak, m.a. reparasjon av styringssystemet. I tillegg til dette er det utført 20 dugnadstimar på lakkering av dekket. Ein dugnadstime er kostnadsrekna til kr. 200,= Verdien av denne dugnadsinnsatsen er m.a.o. kr. 4000,-

Vedlikehaldstiltaka som er gjennomført har gitt oss høve til å nytte båten under følgjande lokale arrangement (i Norheimsund): Hardanger trebåtfestival i juni og Wings and Wheels i august. Båten vart også brukt til representasjon under Hardanger musikkfest og frakta VIP-gjester frå Kinsarvik til Lofthus med retur etter konserten. Det siste var eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Kraftmuseet.

Årets høgdepunkt var utan tvil Fjordsteam 2018 i Bergen. Vi arbeider hardt for at MY Tyssø skal kunne nyttast meir. Det er framleis utfordrande med sertifiseringa som berre er for 12 passasjerar, men vi har gjort oss mindre sårbare ved at vi no har 3 tilgjengelege båtførarar. Tidlegare hadde vi berre ein å spørja.

Vi arbeider og med å etablere eit venelag som kan bidra med dugnadsinnsats og marknadsføring. Dugnaden der frivilljuge lakkerte dekket var ein del av dette arbeidet,

Båten har denne sommaren frakta i underkant av 200 passasjerar - eit tal vi etter omstenda er svært nøgde med. MY Tyssø ligg ved kai på Hardanger fartøyvernssenter og er ein del av deira utstillingar/anlegg.

Vi takkar Hordaland fylkekommune for tilsagnet for 2018 som har bidratt til den gode sesongen og ber om utbetaling til vår konto: 3658 07 61113.

Med venleg helsing  
Kraftmuseet

Knut Markhus, direktør

A handwritten signature in black ink, appearing to be 'Knut Markhus', written in a cursive style.